



Årsmelding 2019

Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

Innhold

1. Innleiing og målsetjingar	3
2. Studentpolitisk arbeid i Studentparlamentet.....	3
2.1. Møteaktivitet i Studentparlamentet.....	3
2.2. Saker Studentparlamentet har jobba med	3
2.3 Velferdsgruppa	4
2.4 Råd og utval.....	4
3. Arbeidsutvalet sitt arbeid	4
3.1 Møteaktivitet og dagleg drift	4
3.2 Honorar til Faddervekestyret og AU	5
3.3 Synlegheit og profilering.....	5
4. Studentvelferd og arrangement	6
4.1 Internasjonale studentar.....	6
4.2 Velferdsgruppa og studentane sitt psykososiale miljø	6
4.3 Psykisk helse-månaden i oktober.....	6
4.4 Førstehjelp i eksamenstida	7
5. Tillitsvalde og studentrådet	7
5.1 Kontaktinfo til tillitsvalde	7
5.2. Møte med dei tillitsvalde - Studentrådet	7
6. Studiestart 2019	7
6.1. Fadderveka.....	7
6.2. Samarbeid mellom Fadderveka og Studentparlamentet.....	8
6.3 Val av nytt Studentparlament	8
7. Samarbeid.....	8
7.1 Samarbeid med leiinga ved HVO og Studentsamskipnaden	8
7.2 Studentrådet i UH-nett Vest	9
7.3 Norsk Studentorganisasjon (NSO)	9
8. Økonomi.....	9
8.1 Budsjett og rekneskap for 2019.....	9
8.2 Tildeling av velferdsmidlar	11

1. Innleiing og målsetjingar

Studentparlamentet i Volda er det øvste studentdemokratiske organet ved HVO, og arbeider for studentane sine faglege, demokratiske og sosiale rettar.

Studentparlamentet består av 11 valde hovudrepresentantar med 11 vararepresentantar, og eit arbeidsutval (AU) med 5 studentar som saman med organisasjonskonsulenten tek seg av den daglege drifta.

Arbeidsutvalet fram til april 2019:

Leiar – Simen Jester Langeland

Nestleiar og velferdsansvarleg – Trym Nikolas Rimmen

Fag- og forskingansvarleg – Jeanette Reisig

Internasjonalt ansvarleg – Tina Wilke

Informasjonsansvarleg – Erlend Ausland Rossen

Arbeidsutvalet etter valet i april 2019:

Leiar – Trym Nikolas Rimmen

Nestleiar og internasjonalt ansvarleg – Paloma Lorenzale Alonso

Fagansvarleg – Mathilde Gaalaas-Berg

Velferdsansvarleg – David Bernatek

Informasjonsansvarleg – Erlend Ausland Rossen

Prinsippprogrammet for 2018-2022 framhevar Studentparlamentet sitt overordna mål om å arbeide for studentdemokrati og medverknad, studiekvalitet og studentvelferd. Dette er konkretisert i det årlege arbeidsprogrammet som fylgjer studieåret. Arbeidsprogrammet for 2019-2020, vedteke på oktobermøtet, vektlegg i tillegg internasjonalisering, miljø og samarbeid.

2. Studentpolitisk arbeid i Studentparlamentet

2.1. Møteaktivitet i Studentparlamentet

Studentparlamentet har møta sine den siste onsdagen i månaden, fire på vårsemesteret og tre ila haustsemesteret. Sidan fleire i parlamentet har internasjonal bakgrunn og ikkje beherskar norsk, valde Studentparlamentet å ha møta på engelsk i perioden 2019/2020. Det har gjort at fleire kan delta i studentpolitikken, noko AU er svært nøgde med. Sidan sakspapira likevel er på norsk, har internasjonalt ansvarleg eit eige formøte med dei internasjonale der dei går igjennom sakene før møta.

2.2. Saker Studentparlamentet har jobba med

Studentparlamentet vedtok på septembermøtet at AU skulle gå i dialog med HVO om å auke honorara til både faddervekestyret og dei ordinære plassane i AU. Etter

dialog med HVO kom AU tilbake til Studentparlamentet med gjennomslag. Dei nye satsane er no 10 000 kr i honorar til leiaren i Faddervekestyret og 5 000 kr til resten av styret for Fadderveka. Medlemmar i AU får no 3 000 kr i honorar i mnd, medan leiar i Studentparlamentet har honorar tilsvarande 50 % av lønnsstrinn 19 (ca 12 000 kr i mnd før skatt).

Det vart diskutert å sette ned ei arbeidsgruppe for å sjå på moglege strategiar for å betre trafikktryggleiken over vegen til Studentsamskipnaden. Saka vart fremja av ein tillitsvald frå ASH, etter frustrasjon over mangel av eigna gangfelt på vegovergangen. Etter diskusjon kom Studentparlamentet fram til at dette ikkje var noko parlamentet ønska å bruke tid på.

2.3 Velferdsgruppa

Eit stort satsingsområde for Studentparlamentet dette året har vore å få Velferdsgruppa opp og gå. Velferdsgruppa kom i stand som resultat av tidlegare initiativ i LMU og arbeid med SHOT-undersøkinga. Ei rekkje partar vart involvert: Studentparlamentet, SiVolda, Studenthumanisten, Studentsørvis, biblioteket, kommunikasjonsavdelinga og studentpresten. Føremålet med Velferdsgruppa er å ha ei tverrfagleg og «hands on» arbeidsgruppe for studentvelferd, noko som AU opplever som eit stort gjennomslag for studentvelferd på HVO, og som vi vil arbeide for at skal halde fram.

Gruppa må finne si form og arbeide vidare med rammer, økonomi og forankring, men viktigast er det å vere pådrivar og arrangør av tiltak og aktivitetar for å styrkje studentane sin trivsel og velferd ved HVO. På den måten slepp Studentparlamentet og dei andre aktørane å finne opp kruttet kvart år/semester.

2.4 Råd og utval

Det har vore ein god overgangsfase til nye studentar i råd og utval ved høgskulen. Fleire i AU har tidlegare vore studentrepresentantar i råd og utval, og kunne halde fram arbeidet i utvala som AU-medlemmar etter at dei vart valde inn i AU i april. I internasjonalt utval har fokus spesielt vore på internasjonal forskning og å skrive ein ny handlingsplan.

3. Arbeidsutvalet sitt arbeid

3.1 Møteaktivitet og dagleg drift

AU har ambisjonar om å ha eit møte i veka for å opprehalde god informasjonsflyt mellom alle medlemmane. Det viser seg år etter år at dette kan vere vanskeleg, ut i frå ulike timeplanar, jobb og anna møteaktivitet som AU deltek i. For haustsemesteret sette difor AU seg eit mål om ha faste møtedager, og dette var i stor grad velykka. Det var sjølvstøtt veker kvar enkelte ikkje hadde anledning til å møte, men då har dei

resterande møtt og gått gjennom sakene. Frå semesterstart har vi også sett oss nøydd til å utvide møtetida noko, ettersom det har vore mange saker å kome seg igjennom, anten for å gjere vedtak eller organisere og fordele arbeidsoppgåver oss i mellom.

AU følgjer elles årshjulet til Studentparlamentet, der mange saker kjem att år etter år. På vårparten hadde AU fokus på å rekruttere nye medlemmar til AU, arbeidsgruppe for SHOT-undersøkinga og på å førebu studiestart. AU har også arbeidd med studiebarometeret, både med informasjonsspreiing for å få opp deltakinga og oppfølging i etterkant når resultatata kom.

Det nye AU kom på plass frå 1. mai, og har vore ei god samla arbeidsgruppe, men grunna sjukdom var informasjonsansvarleg tidvis forhindra frå å delta, og valde etter kvart i november å trekkje seg frå sitt verv.

Organisasjonskonsulent Marit Aklestad har hatt permisjon januar-november 2019, med Kristine Langdal som vikar gjennom vårsemesteret og Anna Rudin som vikar på hausten.

3.2 Honorar til Faddervekestyret og AU

Frå studiestart var honoraret til Faddervekestyret eit betent tema. Tidlegare leiar hadde gitt styret lovnad om høgare honorar enn det som var kontraktsfesta. Etter dialog mellom Faddervekestyret, AU, leinga ved HVO og Studentparlamentet kom ein til enigheit. Faddervekestyret fekk sett av ein post på rekneskapet til Fadderveka til godtgjersle på 15 000 kr. Dette vart fordelt slik at leiar fekk 5 000 og øvrige medlemmar 2 000 kr kvar.

Dette munna vidare ut i ein ny avtale med HVO om honorar for både Faddervekestyret og AU. Honoraret til Faddervekestyret vart heva til 10 000 kr for leiar og 5 000 til kvart styremedlem. I same lønsmøte vart honoraret til medlemmane i AU auka til 3 000 kr i månaden, og leiar i Studentparlamentet har honorar tilsvarande 50 % av lønnstrinn 19 (ca 12 000 kr i mnd før skatt).

3.3 Synlegheit og profilering

AU har utarbeida ein ny Instagramkonto, samt utarbeida nye retningslinjer for bruken av kontoen og sletta den gamle kontoen. Dette skulle være ei kjapp og enkel oppgåve, men endte med å ta svært mykje tid. Den førre kontoen var tilknytt ein e-post som ikkje lenger eksisterte, slik at vi måtte ta mange omvegar for å få sletta den gamle kontoen før vi fekk oppretta ein ny.

Grunna sjukdom trekte informasjonsansvarleg seg etter ei lenger periode der han var i dialog med leiar og org.kons. Leiar og org.kons. har på best mogleg vis forsøkt å rekke over informasjonsansvarleg sine arbeidsoppgåver, men har ikkje greidd å fylgje opp alt. I november vart det bestilt nytt banner til Studentparlamentet.

4. Studentvelferd og arrangement

4.1 Internasjonale studentar

Internasjonalt ansvarleg Paloma Lorenzale presenterte Studentparlamentet på velkomstmiddagen for internasjonale studentar saman med Trym. Der fortalte dei om Studentparlamentet sine funksjonar og inviterte alle internasjonale studentar til å stille til årets parlament. Fleire viste interesse, og fem enda som representantar i parlamentet, ein fast representant og resten som vara. Å ha internasjonale studentar aktive i studentdemokratiet er noko AU ser som kjempepositivt.

Internasjonalt ansvarleg har også teke ansvar for arrangere «Norwegian Night» som er kvart semester den første av dei internasjonale kveldane. I år var Mathilde Gaalaas-Berg programleiar for kvelden.

I år byrja vi oppatt med norskkurs for utvekslingsstudentar under tittelen «Brunost Language Club». Kurset blei presentert på norskkvelden i haust av Rikke Jenny Pettersen, som var norsklærer heile semesteret. Vi søkte for finansiering av NSO til norskkursprosjektet og fekk godkjent et budsjett på 30 000 NOK (for haust 2019 og vår 2020).

Internasjonalt ansvarlig representerte HVO på SAIHs høstsamling i september.

Samarbeid med Pangaia har stor verdi i arbeid med internasjonalisering. De gjør en veldig viktig jobb ved å fungere som en bro for kommunikasjonen mellom internasjonale studenter og Studentparlamentet.

4.2 Velferdsgruppa og studentane sitt psykososiale miljø

SHoT-undersøkinga viste oss at mange studentar slit psykisk. Dette tok Høgskulen på alvor, og vi fekk oppretta Velferdsgruppa – ei fast samarbeidsgruppe mellom SP (velferdsansvarleg), studenthumasisten, studentrådgjevar i SiVolda og HVO (biblioteket m.fl.). (sjå kap.2.3). Gruppa vil arbeide førebyggjande med velferdstiltak for å få eit endå betre psykososialt miljø ved høgskulen.

Velferdsgruppa starta året med ein omsorgsturne der dei ulike verferdstilboda vart presentert for nye studentar. Vi stod på stand og delte informasjon samt å engasjere studentar til ulike aktivitetar. Gruppa kopla på journaliststudentar i praksis for å promotere ulike trivselstiltak, slik som å arrangere Filosofisafe med tema kjærleik.

4.3 Psykisk helse-månaden i oktober

Gjennom den nyetablerte velferdsgruppa fekk vi utvida psykisk helsedag til å verte ein heil månad med ei rekkje ulike arrangement og møtepunkt for studentane i oktober. Studentrådgjevar Eli Anne Løksa ved SiVolda, studenthumanist Lone Ellingvåg Knutsen var nøkkelpersonar, saman med biblioteket og velferdsansvarleg David Bernatek. SiVolda fekk tak i ekstra midlar frå Helsedirektoratet til satsinga.

Psykolog Peder Kjøs hadde føredrag for fulle hus på Rokken under overskrifta «Studietida kan vere fin, og litt forferdeleg. Deretter var det arrangement kvar torsdag heile mnd., gratis lunsj med ulike tema, arr. som trening med meining, einsemdkurs, mindfulness, føredrag med Kishore om livet hans i skogen, kurset «tankevirus»,

"dialog om depresjon» og «Hjernefor», der samfunnsrelaterte emner blir løfta med gratis måltid.

AU vil arbeide for at dette ikkje vart eit eingongstilfelle, men blir ein fast del av velferdstilbodet ved HVO.

4.4 Førstehjelp i eksamenstida

Velferdsgruppa arrangerte også «Førstehjelp i eksamenstida» før jul, med tilbod om ulike kurs i studieteknikk, stressmeistring m.m. Heller ikkje dette hadde vore mogleg utan det flotte samarbeidet i velferdsgruppa. Tiltaket vart teke godt i mot av studentane, og vi siktar mot å gjere også dette til ein fast tradisjon.

5. Tillitsvalde og studentrådet

5.1 Kontaktinfo til tillitsvalde

Som fleire år tidlegare har det vore krevjande å skaffe kontaktinfo til tillitsvalde. Tilsette på HVO svarte stort sett innan fristen, men ikkje alle avdelingar visste kva dei skulle sende inn, og blanda saman tillitsvalde og varaer samt studentar i kvalitetsutval. I ettertid ser fagansvarleg at det ikkje løner seg at kvar seksjonsleiar sender inn kontaktinfo via mail, då det vert både tidkrevjande og uoversiktleg. Fagasvarleg Mathilde Gaalaas-Berg vil difor tilrå å sende med eit skjema der kvar avdeling kan fylle inn kontaktinfo.

5.2. Møte med dei tillitsvalde - Studentrådet

Det kom fleire deltakarar enn tidlegare på første møte med Studentrådet. Dei som møtte var aktive og engasjerte og hadde mange spørsmål. Det kom blant anna fram at dei dei syntest det var vanskeleg å finne informasjon om vervet sitt på nettsidene til HVO.

Vi hadde ein liten workshop om kva dei tillitsvalde meiner bør forbeholdast på HVO, og her kom det fram mange gode innspel. Nokon av forslaga har blitt gjennomført, andre blir jobba med.

Det vart også etterspurt info på engelsk til dei tillitsvalde, Vi er derfor i gang med arbeidet med å oversetje nettsidene og tillitsvaldhandboka til engelsk, og reknar med å vere ferdig med dette til utgangen av januar 2020.

6. Studiestart 2019

6.1. Fadderveka

Studiestart var lagt lit seint, til 20. august. Det var godt oppmøte sjølv om veret ikkje var det beste. Leiar og nestleiar for Studentparlamentet var konferansierar på

opningsarrangementet. Etter opninga overtok Fadderveka med sitt opplegg. Under evalueringa av studiestart var ikkje leiar for Studentparlamentet nøgd med kor mykje arbeid som framleis stod att å gjere ei veke før opninga. Han kjende seg ofte pålempa nye oppgåver, og måtte fungere som koordinator mellom ulike partar som skulle delta under opninga.

Eit anna punkt som kom fram var korleis Faddervekestyret ikkje kjende seg tilstrekkeleg verdsett av HVO, som gjekk frå området då Fadderveka tok over. Dette danna grunnlaget for eit viktig evalueringsarbeid der partane kjem til å ha betre kommunikasjon og tettare samarbeid om studiestart i framtida, med forventningsavklaring og tydelegare arbeidsfordeling.

6.2. Samarbeid mellom Fadderveka og Studentparlamentet

Faddervekestyret hadde god kontakt og samarbeid med leiar og org.kons. i tidsramma 12. til 31. august. Alle i AU stilte seg disponibel til å bidra i denn travle tida. Etter oppstartsvekene oppsto rein uheldig tone innad i faddervekestyret ettersom tre medlemmar kjende på at dei andre tre ikkje arbeidde tilstrekkeleg med sine oppgåver

På evalueringsmøte mellom Faddervekestyret og Studentparlamentet var det ein god, men krevjande dialog for å klare opp situasjonen. Då kom også saka om ein munnleg avtale mellom Faddervekestyret og tidlegare leiar i Studentparlamentet om høgare honorar enn det som var kontraktsfesta. Dette tok lang tid å nøste opp i, fram til studentparlamentsmøte i slutten av oktober, men fekk til slutt ei god løysing.

6.3 Val av nytt Studentparlament

Studentparlamentet 19/20 vart valt på konstituerande møte 25.09.19, der vi måtte supplere inn tre vara. AU arbeidde med rekruttering frå studiestart. Valdeltakinga var litt lågare enn året før. Eit mål for neste år må vere å auke valdeltakinga.

Vi opplevde at direkte kontakt med medstudentar var den beste måten å få folk til å stille. Å stå på stand var ikkje så effektfullt.

Det nye Studentparlamentet består no i større grad enn tidlegare av studentar med internasjonal bakgrunn, noko vi er stolte av.

7. Samarbeid

7.1 Samarbeid med leiinga ved HVO og Studentsamskipnaden

Fagansvarleg Mathilde og internasjonalt ansvarleg Paloma deltok på styreseminaret på starten av semesteret. AU har leiingsmøter der HVO og SiVolda deltek ca ein gong i månaden. Dette er eit godt forum for å ta opp saker og halde kvarandre orientert om smått og stort gjennom året.

7.2 Studentrådet i UH-nett Vest

På vårsemesteret var leiar i praksis, så deltaking på samlingar vart ikkje følgt opp før i juni. Studentrådet 18/19 var på studietur til Birmingham og såg på praksis og internships. Studentrådet deltok på Solstrandseminaret og heldt eit innlegg som vart teke godt imot. Ved overlapp reiste ny og gamal leiar og nestleiar frå Volda til Stavanger på samling.

Eit viktig fokus for styret i Studentrådet dette året har vore på erfaringsutveksling. Studentrådet har møttest i Bergen og Ulsteinvik ila haustsemesteret, i tillegg til møter over internett.

7.3 Norsk Studentorganisasjon (NSO)

På vårsemesteret deltok Studentparlamentet på formøte og landsmøtet til NSO. Her vart Trym Nikolas Rimmen valt inn i Internasjonal komite (IK) for NSO. Dette har gjennom året gitt Studentparlamentet representasjon på fleire møteplassar. Studentparlamentet har elles samarbeida med NSO gjennom blant anna Høstkonferanse, høyringar utsendt av organisasjonen, toppmøte, leiersamlingar og IK. Leiar opplever det som eit tettare band mellom paraplyorganisasjonen, men dette kjem av at ein aktivt deltek på samlingar.

8. Økonomi

8.1 Budsjett og rekneskap for 2019

Studentparlamentet vedtok budsjett for 2019 på januarmøtet, med eit par mindre revideringar gjennom året. Støtta frå SiVolda var på 100 000 kr, og frå HVO på 125 000 kr, som tidlegare år. I tillegg søkte Studentparlamentet støtte frå NSO til norskkurset «Brunost Language Club, og fekk tildelt 15 000 kr til dette hausten 2019.

Studentparlamentet hadde eit driftsresultat (overskot) på 57 540 kr. Ubrukte midlar blir ikkje overført til seinare år. Det er difor viktig å setje opp eit realistisk budsjett og arbeidet for å fylgje det, slik at pengane blir brukt som dei skal. Seminar og kurs som parlamentet deltek på i regi av NSO og UH-Nett Vest, er kostnadsfritt for Studentparlamentet, då dette vert dekt av desse organisasjonane.

Rekneskap for Studentparlamentet 2019

Inntekter	Budsjett		Revidert budsjett	
Støtte frå HVO	kr	125 000	kr	125 000
Støtte frå SiVolda	kr	100 000	kr	100 000
Inntekter frå standleige NSO, prosjekt Brunost Language Club	kr	-	kr	-
	kr	-	kr	15 000
Totalt	kr	225 000	kr	240 000

Utgifter	Budsjett		Revidert budsjett		Rekneskap	Til gode
Drift av Studentparlamentet						
Seminar, kurs o.l.	kr	30 000	kr	26 000	kr 24 827	kr 1 173
Møtegjennomføring	kr	20 000	kr	20 000	kr 21 403	kr -1 403
Informasjon/profilering	kr	30 000	kr	30 000	kr 20 017	kr 9 983
Sosialt	kr	25 000	kr	25 000	kr 3 745	kr 21 255
Drift/kontor	kr	15 000	kr	15 000	kr 5 886	kr 9 114
Anna	kr	5 000	kr	5 000	kr 1 794	kr 3 206
Brunost Language Club	kr	-	kr	15 000	kr 17 789	kr -2 789
Sum	kr	125 000	kr	136 000	kr 95 460	kr 40 540

Støtte til studentaktivitetar - velferdsmidlar						
Fadderveka	kr	5 000	kr	5 000	kr 5 000	kr -
Pris for internasjonalisering	kr	5 000	kr	5 000	kr 5 000	kr -
Studentorganisasjonar	kr	90 000	kr	94 000	kr 77 000	kr 17 000
Sum	kr	100 000	kr	104 000	kr 87 000	kr 17 000

Sum	kr	225 000	kr	240 000	kr 182 460	kr 57 540
------------	-----------	----------------	-----------	----------------	-------------------	------------------

Driftsresultat			
Inntekter			kr 240 000
utgifter			kr 182 460
Resultat			kr 57 540

8.2 Tildeling av velferdsmidlar

Studentparlamentet hadde budsjettetert med 100 000 kr til velferdsmidlar til studentorganisasjonar og studentfestivalar. AU mottok 20 søknadar gjennom året, 13 på vårsemesteret og 7 på haustsemesteret. Av desse vart 13 søknadar godkjende og 7 avslått. Årsaker til avslag går hovudsakleg på at søknaden ikkje oppfyller formelle krav. Då har studentorganisasjonane fått hjelp til å forbetre søknaden og søkt på nytt.

Nedanfor er tabell med oversikt over dei 13 organisasjonane som mottok støtte frå Studentparlamentet i 2019:

Støtte til studentorganisasjonar – Velferdsmidlar 2019			
Peikestokken	Trykkjekostnadar vår 2019, vedlikehald av nettsida	kr	7 000
ISU	Leadership meeting, ISU Norge	kr	3 000
Natura Volda	Reperasjon av telt, innkjøp av nytt	kr	7 000
Volda Studentradio	Avgift til Gramo/Tono/Musicom	kr	7 000
Norsk Journalistlag Volda	Pressepub	kr	7 000
Dokfilm	Utandørskino under festivalen	kr	7 000
ISU	Hyttetur vår 2019	kr	4 000
Student-TV Volda	Fornye utstyr til TV-produksjon	kr	7 000
Animation	Opprigging i samfunnshuset under festivalen	kr	5 000
KRIK	Halleige og aktivitetar,	kr	7 000
Natura Volda	Turer, seminar, transport, overnatting	kr	7 000
ISU	Hyttetur haust 2019	kr	2 000
Student-TV Volda	Div. innkjøp og lisensar til drift av Student-TV	kr	7 000
Totalt		Kr	77 000

I tillegg delte Studentparlamentet ut 5 000 kr til Fadderveka 2019, og 5 000 kr til pris for internasjonalisering, som i 2019 gjekk til Studentsamfunnet.

Studentparlamentet sit att med 17 000 kr av revidert budsjett som var tiltenkt studentorganisasjonar. Målet for 2020 må vere å få inn så mange og gode søknadar at heile potten kjem studentorganisasjonane til gode.